



DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

## Pressemelding

---

Dato: 10. juni 2013

### **3 millionar kroner til Lokal samfunnsutvikling i Sogn og Fjordane**

**Sogn og Fjordane fylkeskommune skal stå fram som ein meir samkøyrte utviklingsaktør, gjennom å kople regionale og kommunale utviklingsplanar. Kommunane skal styrke si evne til å gjennomføre utviklingstiltak.**

Kommunal- og regionaldepartementet tildeler 30 nye millionar kroner til fylkeskommunane for at dei skal halde fram med å vidareutvikle si samhandling med kommunane.

- Mitt inntrykk er at mange kommunar no arbeider aktivt med å utvikle attraktive lokalsamfunn ved at dei samarbeider med fylkeskommunen om kompetanse og kapasitet, seier kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete.

#### **Sogn og Fjordane fylkeskommune skal:**

- Styrkje tilsette i fylkeskommunen i rolla som utviklingsaktør for kommunane.
- Utveksle erfaringar gjennom samlingar som "Vestlandsk vidsyn".
- Opprette læringsnettverk mellom kommunar og fylkeskommunen om samhandling kring planlegging, verkstader for medverknad og mobilisering, samt kultur planlegging.
- Metodeutvikling for å knyte saman kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan og konkrete tiltak i kommunen.
- Styrke samhandling om statistikk og analyse knytt til utfordringar og moglegheiter i kommunane.
- Arbeide meir heilskapeleg med økonomiske satsingar frå fylkeskommunen til kommunane gjennom utviklingsavtaler.
- Kartlegge fylkeskommunen sin samla aktivitet i kommunane
- Betre koplinga mellom kommunale og regionale planar innan kulturminne og samfunnsutvikling.

Kommunal- og regionaldepartementet sin pressetelefon: 22 24 25 00